

REDAKSJONELT

Torgeir T. Garmo

"JUTINGSHOLET,"

fortalde den gamle læraren, "er ei holo i hø'n ogofor Graffer. Ein gong krakte ein hund inn der og vart borte. Någre dågå etterpå trefte ein hestleitar hund att i Smådalen, men da hadde han mist mest alle håra....."

Dette Jutingsholet måtte 12-åringen finne ut meire om!

Så snart snøen hadde sikla bort frå bakliene trakka eg smale vegar på sykkel opp til Graffer med ein yngre bror bakpå. Sakte sleit vi oss opp motskapt skogslir dit berre randar hella mot aust, og gjekk oss rett på det merkelege holet i bergveggen. Stort og svart ruvde det mot oss, inni åt tronge gangar seg vidare innover og tapte seg i det dimme ljuset frå ei spinkel lykt. Her hadde hunden krakt vidare der vi måtte snu.

Men der !!

Glitra det ikkje som is i motljuset? Frå det høge taket hekk tappar ned som storkna is. Med stokken greidde vi å slå ein ned, han var smal som ein finger og hadde seks kantar og ein klar blyantspiss i toppen!

Eg hadde funne min fyrste bergkrystall.

Bror min er borte nå, og eg har vorte vel femti år eldre. Eg har veida kvartskrystallar på Hardangervidda og i Hattfjelldal. Men framleis står synet i minnet av ein taggute kjeft med dimme tenner i ei holo i min barndoms blå fjell.

Kanskje var det slik det heile byrja? For meg, og for mange andre samlarar?

Eg har lese store bøker nå om geologiske prosessar og stird meg gjennom sider med fargerike krystallar frå fjerne land dit **eg** aldri skal. Eg har grave ut kvartforekomster der vi har funne store krystallar gøynde i nisjer i veggen som offergaver frå ei anna tid til ein ukjend gud. Til og med bøker og artiklar har eg skrivi om bergkrystallar og gliitrande gull i norske fjell.

Men ennå dunkar hjerta like vilt når eg varleg

lirkar meg inn i ny druse i ei nyskoten vegskjering.

Det er eit langt steg frå den einslege jegeren som pirka ein blank krystall ut av bergsprekken til krystallane som har funne plass i denne utstillinga

Og dei fleste av dei er heller ikkje funne lause på bakken, men av menneske som har arbeidd seg inn i berget med fyrsetjing og sprengjing på jakt etter ein verdifull malm og levebrød for nye dagar. Frå vår eigen tid, etter at livet fekk fritid og feriar med hammar og meisel, stammar fargerike og unyttige mineral henta frå landets ovstore utmarker.

I 1770-åra var fire tusen menneske knytt med arbeid til Sølvverket på Kongsberg, og i snitt vart det henta ut fire tusen kilo med sølv i året. Litt forenkla kan vi kanskje seia at eit kilo sølv var verd eit årsverk. I dag kan eit kilo sølv kjøpast på børsen for omtrent det same som du må betale til ein middels forretningsadvokat fordi han hjelper deg ein times tid med ei skattesak.

Og sjølv om sølvet frå Kongsberg er stilt ut i geologiske museum over heile verda, blir det ikkje så mange kilo i hop att. For det meste dei fann, både i kalsittgangane og i drusene, vart sjølv sagt smelta, for å dekkje øyeblikkets skrikande behov.

Så fint, da, at akkurat desse stoffane slapp unna smelteomnane!

I storhallen i Tucson i vinter stod 3 – 4 trådsylvstuffar frå Kongsberg stilte ut i ulike montrar. På små lappar ved sia av stod tal med mange nullar bak. Med eg stod og nikikka på ein av dei kom ein amerikansk storsamlar eg kjenner forbi. "Er desse prisane reell?" spurde eg, "er det virkeleg nokon som betaler så mykje for ein stein?"

Han fylgde blikket mitt mot prislappen. "Yes," sa han, "I do, but I have Intel!"

Stuffen med den strittande sølvtråden kunne vega omtrent eit pund, ein knapp halv kilo. Prisen var godt over det **eg** tener på eit år.

Kanskje fortel desse små sogene litt om stein, og mykje om fallande prisar på råvarer i høve til arbeidskraft. Men mest fortel dei om menneske gjennom tidene og sansen for det full-komne, det vakre.